
Saksnr: 2021/1622-2
Saksbehandlar Even Vaular
Dato: 22.02.2021

Til: Trafikktryggingsutvalet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Nominering av kandidatar til årets trafikksikkerheitskommune

Sidan 2012 har Samferdselsdepartementet delt ut prisen «Årets trafikksikkerheitskommune» til kommunar som utmerker seg i trafikktryggingsarbeidet. I brev dagsett 18. januar inviterer departementet fylkeskommunane til å nominera to til tre kandidatar til prisen.

På grunn av nomineringsfristen har det ikkje vore høve til å leggja fram nominasjonen som sak til politisk vedtak. Fylkesdirektøren har difor sendt eit brev til Samferdselsdepartementet på vegner av Vestland fylkeskommune, der me nominerer Årdal kommune, Bømlo kommune og Kvam herad til kåringa. I tillegg til desse tre, gode kandidatane, er det fleire kommunar i fylket som legg ned ein betydingsfull innsats og viser stort engasjement for det viktige trafikktryggingsarbeidet.

Invitasjon og brev med våre nominasjonar finn de som vedlegg. I brevet er det gitt ei kort grunningjeving for valet av dei tre kommunane.

Vedlegg

- 1 Invitasjon til nominering av kandidater til SDs trafikksikkerhetspris - Årets trafikksikkerh
- 2 Nominering av kandidatar til Årets trafikksikkerheitskommune 2021